

Rapport 2019

HUSET I BYGDA



Bakgrunn

Dei organisasjonseigde kulturbygga – ungdomshusa, grendehusa, samfunnshusa og bygdehusa – er levande kulturarenaer, i stor grad finansiert med dugnad og frivillig innsats og betyr mykje for samhaldet, identiteten og aktiviteten i små og større bygder og byar.

Huset i Bygda (HiB) arbeidar for å løfte fram og synleggjere alle desse kulturbygga som viktige kulturarenaer, og utvikle møtestader og verktøy som kan gjere dei lokale laga til meir kompetente huseigarar. På den måten vil vi skal skape synlegare og sterkare organisasjonseigde kulturbygg i Noreg.

Sjølv om økonomien framleis er utfordrande, har utviklingsavtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) og gåvetilskotet frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, vore viktig for å skape større økonomisk føreseielegheit. Vi har òg eit godt samarbeid med Noregs Ungdomslag, som mellom anna frontar HiB i nasjonale forum. Effekten av dette har vore merkbar med auka fokus på lokale kulturhus og tydeleg nærvær i media.

Dei viktigaste arbeidsoppgåvene til HiB

Gjennom utviklingsavtalen med SFFK har satsingsområdet sidan 2016 vore å kome i direkte kontakt med flest moglege kulturbygg. Gåvetildelinga frå Sparebankstiftinga har forsterka dett arbeidet. Å nå ut til eldsjelene i styra med direkte hjelp, informasjon, tips, idear, samhold og inspirasjon, samt skape samarbeid og nettverk mellom huseigarar, er noko av det viktigaste arbeidet til HiB.



Arbeidsform

SOFUL har sidan 2010 drifta ordninga Huset i Bygda.

HiB arbeider for meir aktivitet og utvikling i dei lokale kulturbygga i Sogn og Fjordane.

- Hjelp og rettleiing via tlf. og e-post
- Hussamlingar
 - Huset i bygda informerer om aktivitetar, økonomi, søknadsprosessar, tilskotsordningar, off. krav, marknadsføring av husa mm.
 - Nettverksskapande samlingar, møt andre lag og organisasjonar,erfaringsutveksling, kva gjer andre lag? Kva fungerer for dei? Kva fungerer ikkje?
- Heimeside og Facebook
 - www.husetibygda.no og www.facebook.com/husetibygda/
- Husdatabase/fylkesatlas
- Marknadsføring- og synleggjering av lokale kulturhus
- Kulturhuskonferanse

Rådgivingstenester

Dett er ein viktig del av arbeidet til HiB. Krav og forventingar til lag og organisasjonar involvert i frivillig arbeid aukar stadig, både frå omgjevnadane og offentlege institusjonar. At tenesta er gratis og at den fungerer som lågterskelordning gjer at stadig fleire som er driv eller er involvert i drift av lokale kulturhus tek kontakt med HiB for å få råd og rettleiing. Dette gjeld m.a. spørsmål og hjelp til planlegging av tiltak, søknadar (t.d. økonomiske tilskot, mva. kompensasjon), aktivitetar, offentleg regelverk mm.



Direkte link til Husdatabasen

[LAG I NORDDALSFJORDEN \(KOMMUNE\) OG SKODJE \(SKODJE KOMMUNE\)](#)
september 2019

[PRESSEMELDING: STOR INTERESSE OG HØG KVALITET PÅ SØKNADANE OM GÅVETILSKOT TIL LAGSEIGDE KULTURHUS](#)

Hussamlingar

I 2019 har vi auka talet på hussamlingar, samanlikna med føregåande år, frå to til fem samlingar (sjå tabell 1). Det er framleis behov for å auke merksemda på branntryggleik, slik at vi vil forsette å ha dette som særskilt tema på hussamlingane. Dette er noko vi òg har fått positive tilbakemeldingar på. Vi har m.a. utvida heimesida til HiB med oppdatert informasjon om kva krav som gjeld for lokale kulturhus når det gjeld branntekniske krav.

I 2020 vil vi m.a. gjennomføre samlingar der mva. kompensasjon er særskilt tema. Det er noko frivillige lag og organisasjonar og kommunar har etterspurt.

Kommune	Vertskap	Dato	Tal delt.	Tal bygg rep.
Eid	Informasjonsmøte (Gimle/ Rotvin UL)	7. Feb.	15	1
Bremanger	Berle grendahus	13. Mars	14	9
Gulen	Nordgulfjorden grendahus	21. Mai	10	8
Flora	Solheim Skule	17. Sep.	6	3
Gloppen	Mardal krins (Mardal gamle skule)	2. Okt.	8	5
Tal deltakarar og lokale kulturhus			53	26

Tabell 1. Oversikt over hussamlingar

BRANNTRYGGLEIK I KULTURHUS

BRANNTRYGGLEIK I KULTURHUS


Brann og konsekvensar

- Sidan 1979 har over 2500 personar omkomme i brann
- Mellom 40 – 60 personar pr år.
- I tillegg kjem personskadar
- ifølgje FNO går 4 – 5 milliardar pr. år tapt som følgje av brann

Husdatabasen og Fylkesatlas

Dette er eit prioritert område i avtalen mellom SFFK og HiB. Av om lag 400 registrerte kulturbygg i Sogn og Fjordane har HiB pr. 15.10.2019 registrert 344 lokale kulturbygg i Fylkesatlas (figur 1).

HiB vil fullføre registreringa av alle kulturhus i Sogn og Fjordane i 2019. Talet vil bli noko lågare enn dei 400 husa som opphavleg er registrert i 2010. Dette skyldast at ein skilde hus ikkje lenger er i bruk eller at det ikkje er mogleg å oppdrive kontaktadresse til eigarane.



Figur 1. Oversikt over registrerte hus pr. 15.10.2019

Nettstad og sosiale media


Husetbygda.no er oppdatert i år, bl. a. er sida oppdatert med ny informasjon om tilskotsmoglegheiter og gåvemedlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Innhaldet på sida er òg oppdatert. Det same gjeld fleire av malane som er tilgjengeleg for lag og organisasjonar.

Utover dette vert sida nytta til formidling av aktuell informasjon, som hussamlingar, stønadsordningar mm. HiB er i dialog med NU om revisjon av oppbygging sjølve nettstaden (utforminga er frå 2012 og er moden for revisjon), men dette er avhengig av ekstern finansiering.

Facebook er mykje brukt for å spreie aktuell informasjon til lag og organisasjonar. Talet på lag og organisasjonar som føl sida har vore stabil dei siste åra.

HiB ser at sosiale medium er viktig for å skape positive relasjonar og bygge opp kring det arbeidet frivillige gjer for å skape aktivitet og bulyst. HiB planlegg å auke bruken av Instagram i 2020. Fokus her vil vere eldsjeler, kvardagsheltane, dei som bidreg med frivillig innsats for å skape gode lokalsamfunn.

HiB har òg starta arbeidet med å samle stoff til aktivitetshandbok. I 2020 har HiB ti-årsjubileum. HiB sit på mykje viktig erfaring innan frivillig arbeid og organisasjonsarbeid og vi trur tiden er inne for å samle dette i form av ein aktivitetshandbok.



Mediearbeid og deltaking i ulike kulturforum

Det er viktig å vere synleg i media, både for å informere og ikkje minst tale husa sin sak der det er naturleg. SFFK har òg vært flinke til å invitere inn HiB/SOFUL i fora og arenaer der det er naturleg at vi er til stades. HiB har prioritert å følgje opp dette dei siste åra.

Dato	Oppslag/sak
1.2.2019	Innspel til ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken (SOFUL/HiB)
1.2.2019	www.ungdomslag.no/kva-skjer/artikkel/innspel-til-kulturminnepolitikken/ . Innspel til kulturminnepolitikken (ny kulturminnemelding – SOFUL/HiB)
1.3.2019	NRK Sogn og Fjordane. Får pengar til vedlikehald av forsamlingshus
4.3.2019	www.meirennbank.no . 650 000,- til Huset i Bygda
4.3.2019	Sogn Avis. Gåve frå Sparebankstiftinga til Huset i Bygda
4.3.2019	Noregs Ungdomslag. Pengegåve til Huset i Bygda
12.4.2019	Nationen. Huset i Bygda som kodeknekkar (kronikk). Har òg vore publisert i Romsdals budstikke)
4.6.2019	Innspelsmøte: handlingsprogram regional plan for kultur
24.6.2019	Fjordenes Tidende. Desse kulturhus får gåvemidlar
25.6.2019	Firda Tidend. Desse kulturhus får gåvemidlar
27.6.2019	Sogn Avis. Utdeling av gåvemidlar til lokale kulturhus
28.8.2019	Sogn Avis. Kronikk. Kva status skal frivillig kulturarbeid ha i din kommune (SOFUL/HiB)
29.8.2019	Kontaktmøte, HiB, Oslo, m.a. møte med Frivillig Norge
19.11.2019	Frivilligkonferanse, Sandane

Tabell 6. Oversikt over mediesaker og deltaking i offentlege forum, 2019. Lista er ikkje uttømmende.



Kulturbyggkonferanse

I 2018 vart konferansen avlyst pga. få påmeldte. Det er særst mykje arbeid som går med i å arrangere konferansen. Vi har difor valt å prioritere hussamlingane i 2019. HiB er i dialog med Noregs Ungdomslag (NU) om å arrangere nasjonal konferanse i Oslo i 2020. NU har tatt på seg koordinatorrolle i dette arbeidet og HiB vil bidra med erfaring og kontakt med føredragshaldarar. Målsetjinga er å tiltrekke seg større nasjonale institusjonar og selskap innafor t.d. bygg- og leverandørnæringa, for på den måten synleggjere verdien og omfanget av lokale kulturbygg i Norge. M.a. har ENOVA allereie takka ja til invitasjon. Med tanke på at HiB vart etablert i Sogn og Fjordane er dette god synleggjering og omdømmebygging for Sogn og Fjordane.


Samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er ein viktig støttespelar for frivillig arbeid i Sogn og Fjordane og stiftinga såg tidleg at det var behov for eiga tilskotsordning retta mot eigarar av lokale kulturhus. Tilskotsordninga vart oppretta i 2016 og det var satt av 500 000,- til ordninga. I utvalet som har løyvd midlar sat HiB, Sogn og Fjordane fylkeskommune og kulturdirektør Pål Fidjestøl i Sparebankstiftinga. På denne måten har Sparebankstiftinga kunne nytte seg av kompetansen til HiB, samstundes som det har synleggjort stiftinga ovanfor huseigarane. Søknadsmenga har auka jamt og trutt og Sparebankstiftinga såg etter kvart behov for å frigjere eigne ressursar. Det har difor vore dialog gjennom 2018 om å overta det administrative ansvaret for ordninga. Avtale vart inngått i 2019 og HiB fekk 650 000,- i gåve til lag- og organisasjonar. Av dette får HiB 32 500,- for å dekke arbeidet med å administrere ordninga (5 % av gåvemidlane).

HiB har brukt mykje ressursar på å informere om søknadsordninga. Vi bidreg og med søknadshjelp og innspel til lag og organisasjonar. Søknadsmengda gjekk noko ned i 2019, men vi registrerer at kvaliteten på søknadane har gått opp.

Etter at søknadsfristen gjekk ut 15. april fekk HiB inn 42 søknadar, fordelt på 20 av 26 kommunar i Sogn og Fjordane. Vi er tilfreds med den geografiske spreinga.

Samla søknadssum var 3 580 146,- mens samla dugnads og eigenfinansiering var på 3 259 850,- dvs. nesten 50% av samla søknadssum.



Samlinga med å
Huset i Bygda
informasjon om aktivitetar og
skriving, tilskotsordningar og
utforme gode søknadar
forhvarn og utarbeiding av gode
ordningar for drift av huset

Hussamlingane er viktig møteplass for huseigarar, for å utveksle erfaring og få tilført nye idear og kunnskap om t. d. aktivitetar, økonomi og søknadsordningar. Vi voner difor at de finn samlinga interessant og håpar å sjå dykk i Mardal!

Hugs òg å registrere huset ditt i husdatabasen. Send e-post med informasjon og bilete av huset til christoffer@ungdomslag.no

**ENKEL SERVERING.
SAMLINGA ER GRATIS.**



Dei organisasjonsleide kulturbygga, ungdomshusa, ungdomshusa, samfunnshusa og bygdehusa


Samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Større bygningsmessige tiltak			Pr. 26.06.2019
Kulturhus	Tilskot	Formål	Kommune
Atløy kulturhus SA	40 000	Renovering av kjøken (kjøkeninnredning og nye flisar)	Askvoll
Bulandet bygdahus	50 000	Skifte av vindauge	Askvoll
Dalen grendahus	50 000	Tilkomstveg for rørslehemma, rullestolrampe	Bremanger
Grendehuset Gimle SA	60 000	Ferdigstilling av arbeid med å renovere huset	Gloppen
Lavikdal UL	50 000	Skifte vindauge og ytterdør/rømingdør, kle yttervegger	Høyanger
Leikanger kyrkjehus	50 000	Universell tilpassa inngang, nytt kjøken	Leikanger
Midthjell og Lefdal grendalag	45 000	Skifte tre vindauge, pluss etterisolere	Eid
Stavøy grendahus	80 000	Vatn og tilbygg med kjøken/toalett	Flora
Øvrebotten grendahus	50 000	Dele opp eit rom for å bruke det til lyd og lysrom, lage luke til storsalen	Gaular
Selje samfunnshus	25 000	Vil innreie tomt rom ved storesalen, som enkelt kjøken, samt renovere hovudinngongen	Selje
Totalt: 500 000			

Tabell 2. Oversikt over tilskot til større bygningsmessige tiltak 2019



Samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane



Søknadane etter geografisk fordeling

Gåver til bygningsmessige tiltak administrert av Huset i Bygda.

Midlane kjem frå Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane

16.4.2019

Figur 2. Oversikt over søknadsrunde 2019.

Søknadar 2019:

- 42 lag og organisasjonar søkte innan fristen 15. april
- Fordelt på 20 av 26 kommunar
- **Totale kostnadar: 9 892009,-**
- **Gjennomsnittleg kostnad: 235 524,-**
- **Total dugnad og eigenfinansiering: 3 259850,-**
- **Total søknadssum til HiB/Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane: 3 580146,-**



sparebankstiftinga
sogn og fjordane



Samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Når det gjeld tilskot til mindre bygningsmessige tiltak viser HiB til tabell 3. Ordninga er populær. Den er lett å forstå, den krev lite dokumentasjonsarbeid i forkant for søkerane, men utløyser stor dugnadsinnsats. Totalt sett er tilskota spreitt over heile Sogn og Fjordane, men det er nokre kommunar som skil seg ut med større utteljing (særleg Bremanger). Det er første året HiB administrerer ordninga, men det kan tyde på den ikkje er like kjent i alle kommunane. Vi vil difor auke arbeidet med å synleggjere ordninga i 2020.

Mindre bygningsmessige tiltak			Pr. 28.11.2019
Kulturhus	Tilskot	Formål	Kommune
A/L Vårtun	10 000	Ombygging av rom	Eid
Barsnes	10 000	Skifte av takstein, takrenner, måling utvendig	Sogndal
Havdur UL (Vidsyn)	10 000	Varmepumpe	Bremanger
Askrova bygdelag	7 500	Lydduk	Flora
Torskangerpoll	10 000	Renovering, utvendig tiltak på grendahuset	Vågsøy
Botnane og Årebrot	10 000	Utbetring av kjøkken	Flora
Strandtun	10 000	Universell utforming	Vågsøy
Svelgen - Bremanger Røde Kors	10 000	Renovering, kjøkken	Bremanger
Fresvik Ungdomslag	10 000	Maling av yttervegger	Vik
Bulandet Bygdahus	9 500	ENØK-tiltak, synleggjering av bygdahuset	Eid
Svelgen Samfunnshus	10 000	Lyssetting	Bremanger
Svelgen opp og nedatt	10 000	Uteområde	Bremanger
Totalt: 117 000			

Tabell 3. Oversikt over tilskot til mindre bygningsmessige tiltak, 2019

Samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Når det gjeld utvikling av søknadsmengda frå oppstarten i 2016 til 2019 syner vi til tabell 4.

Oversikt søknadar 2016 – 2019				
Tal Søkarar 2016	Innvilga	Prosent innvilga	Total søknadssum	Prosent tilskot
24	7	29%	-	-
Tal søkarar 2017	Innvilga	Prosent innvilga	Total søknadssum	Prosent tilskot av samla søknadssum
20	6	30	2413457	21 %
Tal søkarar 2018	Innvilga	Prosent innvilga	Total søknadssum	Prosent tilskotsum av samla søknadssum
73	10	14%	7 865 518	6,4
Tal Søkarar 2019	Innvilga	Prosent innvilga	Total søknadssum	Prosent tilskotsum av samla søknadssum
42	10	24 %	3 580146	14%
Totalt søknadar 2016-2019: 159. Innvilga: 33 (21%)				

Tabell 4. Oversikt over søknadsmengd 2016-2019 og prosentvis fordeling av søknadssum og tal godkjente søknadar.



Samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune

Med om lag 400 kulturbygg i Sogn og Fjordane, mange med eit høgt aktivitetsnivå, er det vedvarande etterspurnad etter midlar til oppussing og modernisering av husa. Dette er tiltak som er kostbare og som krev stor dugnadsinnsats frå både eigarane og lokal-samfunna (sjå og figur 3, side 14). Det er ikkje teikn på at behova vil avta og HiB trur søknadsmengda vil halde seg på eit minst like høgt nivå som no, også framover.

For å bidra til auka aktivitet og verdiskaping har Fylkeskommunen, Sparebankstiftinga og Huset i Bygda funne saman og arbeidar for utvikling og engasjement rundt bygga. Dette er gjort ved å samordne søknadane slik at det har vore mogleg å auke tilskota til lokale kulturbygg. På den måten har ein òg synleggjort det store behovet for midlar til opprusting, rehabilitering og utvikling av lokale kulturbygg i Sogn og Fjordane.


Desentralisert ordning, tilskot til lokale kulturbygg					
Lagshus	År	Tilskot, desentralisert ordning	Tilskot Sparebankstiftinga	Totalt	Merknad
Ungdomshuset Leikvang	2015	257 000	50 000	307 000	
Askvoll kulturhus	2016	190 000	50 000	240 000	
Mardal krins	2016	408 000	135 000	543 000	
Breidvik og Bålen grendahus	2016	177 000	140 000	317 000	
Balestrand bygdahus	2018	299 000	240 000	539 000	
Selje samfunnshus	2018	230 000	25 000	255 000	
Jensbua Kystkultursenter AS	2019	117 000	150 000	327 000	
Stavøy grendahus	2019	-	80 000	80 000	Prosjektet er godkjend, men fekk ikkje tilskot hjå fylket pga. manglande midlar. Kan søke på nytt i 2020
Innvilga søknadar 2016-2019: 8					
Innvilga tilskot: Desentralisert ordning til lokale kulturbygg: 1 678 000					
Innvilga tilskot Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane): 870 000					
Total innvilga tilskot desentralisert ordning og Sparebankstiftinga: 2 548 000					

Tabell 5. Oversikt over innvilga søknadar som har fått støtte frå både tilskotsordninga til lokale kulturbygg administrert av Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Sparebankstiftinga SF.

Samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune

Oversikta i figur 3 syner differansen mellom løyvinga gitt via spelemiddelordninga for lokale kulturbygg (blå strek) og godkjend søknadssum i perioden 1995-2019 (oransje strek). Oversikta viser at det, med unntak av åra 2012-2013, er eit stort misforhold mellom behov og tilgjengelege midlar. Utan økonomisk støtte frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ville misforholdet ha vore enda større. Årsaka til at løyvingane i 2012-2013 var større enn søkarmengda er at m.a. at mange søknadar ikkje vart godkjent i 2012.

Det reelle talet er enda høgare om ein tek omsyn til søkarar som ikkje har fått godkjend søknadane. Dette tala er diverre ikkje tilgjengeleg.



Figur 3. Oversikt over utviklinga av løyving til kulturbygg (spelemidlar) 1995-2019 og differansen mellom årleg løyving til lokale kulturbygg og godkjend søknadssum.

Døme på kva tilskot frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har utløyst av aktivitetar

Skifjorden bedehus fekk 30 000,- i gåvetilskot i 2018. I tillegg fekk bedehuset 28 000,- i tilskot frå Kulturminnefondet. Dette er truleg eit av dei best bevarte bedehusa i Sogn og Fjordane. I 2017 bestemte ei gruppe eldsjeler med Astrid Waage som primus motor at dei ville forsøke å redde bedehuset frå forfall etter at det lenge hadde stått tomt og legge til rette for at det kan brukast som forsamlingshus.

I kombinasjon med stor dugnadsvilje har desse midlane bidratt til at det har vore mogleg å oppgradere vasstiltførsla, skifte ut øydelagd skiferheller på taket, nye takrenner og takkskier, reparere skorstein, skrape og måle utvendig, restaurere og måle vindauge samt karmar innvendig (jf. bilete 1-3). M.a. var restaurering av vindauge opphavleg kostnadsrekna til 112 000 (inkl. mva) av handverkar. Ved å organisere dette lokalt, var det mogleg å restaurerer vindauge på dugnad. Totalt har det vore utført over 600 timar dugnadstimar på dei ulike prosjekta.



Bilete 1-3 . Restaurering av Skifjorden bedehus.

Døme på kva tilskot frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har utløyst av aktivitetar

Grendahuset på Stavøy. Dette er eit lite, men særst viktig grendahus for dei som bur på Stavøy utanfor Florø. Grendalaget fekk 80 000,- i gåvestøtte frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Dei søkte om gåvetilskot til utviding av grendahuset, slik at det var mogleg å få toalett og kjøkken i grendahuset. På denne måten vil ein òg auke bruken av huset.

I tillegg søkte dei om tilskot frå desentralisert ordning for lokale kulturhus. Søknaden vart godkjent, men pga. manglande midlar fekk dei ikkje innvilga søknaden, men kan fornye søknaden i 2020.

I løpet av 2019 har dei utført grunnarbeid, satt opp ringmur, sperrer, bordkledning og lagt tak på tilbygget. I 2020 planlegg dei å fortsetje arbeidet innomhus med vegger, toalett og kjøkken.



Bilete 4-5 . Renovering og utviding av Stavøy grendahus.

Vegen vidare

Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL) har i lang tid hatt eit godt og utviklande samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK). Både SOFUL og HiB er nemnt i regional kulturplan og handlingsplanen til SFFK som viktige aktørar innafor det frivillige kulturarbeidet i fylket. Dette gjev von om at SOFUL og HiB òg i framtida vil vere del av den regionale satsinga på det frivillige kulturarbeidet.

Utviklingsavtalen med SFFK er viktig for SOFUL og HiB. Avtalen understrekar det gjensidige tillitsforholdet mellom frivillig og offentleg sektor, og korleis offentleg forvaltning kan legge til rette for og støtte frivilligheita. I tillegg har utviklingsavtalen medverka til å skape meir stabile økonomiske rammar for HiB.

Denne utviklingsavtalen har òg medverka til auka tillit blant andre aktørar. Her vil vi trekke fram samarbeidet med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Dette er eit samarbeid som gradvis har vakse fram dei siste åra. Å ha fått det administrative ansvaret for gåveordninga til lokale kulturbygg har styrka HiB. Vi vert enda meir relevant og tydelege ovanfor lag og organisasjonar når vi er ansvarleg for utdeling av tilskotsmidlar. I tillegg får vi dekkja kostnaden ved å administrere ordninga. Framfor alt syner avtalen med Sparebankstiftinga at det er mogleg å finne samarbeidsmodellar kor organisasjonar tufta på frivillig arbeid og private verksemder kan støtte kvarandre til det beste for frivilligheita. SOFUL og HiB vil òg i framtida prioritere slike former for samarbeidsmodellar.

Med regionreform og samanslåinga med Hordaland, er det viktig å oppretthalde dei gode relasjonane, både i samanslåingsprosessen og i framtida. HiB har søkt på driftsmidlar frå nye Vestland fylke. Omfang og korleis HiB skal utføre sine oppgåver, vil vere avhengig om og i kva grad HiB lykkast med å få offentleg støtte også i framtida.

Det er òg viktig at HiB heile tida er synleg i media for å sette søkelys på lokale kulturbygg og den verdien bygga har for lokalsamfunna i Sogn og Fjordane. Generelt opplever vi at HiB har blitt meir kjent i og utanfor fylket. Sjølv om vi måtte avlyse kulturbyggkonferansen, er det godt oppmøte på samlingar i eigen regi eller i samarbeid med andre aktørar. Vi opplever òg at media både er interessert og flinke i å ta tak i saker vi frontar eller set fokus på.

HiB er framleis ein vesentleg bidragsytar til SOFUL. Samla sett har 2019 vore eit engasjerande og spanande år, med enda tettare kontakt med andre institusjonar, både private og offentlege. Vi har oppnådd gode resultat og arbeidd for å vere endå meir synlege i og utanfor fylket. HiB som modell for lokalutvikling har òg medverka til å synleggjere kvalitetane i Sogn og Fjordane utanfor fylket.


 Barn og ungdom Liv i bygda Ungdomshus Grendehus Fond Økonomi

Huset i bygda – ditt lokale kultu

KANSKJE ER DU ein av dei som har leika bak teaterscena, klatra i trappane, leikt gø forsøkt å sk jule de get eller i bøttekot ungdomsdiskotek i dansa med, for dei var tøffe nok) drøy drøymeguten eller vore på julebasar c den store gevinsten

Huset i bygda

Dei fleste stadane i Noreg har ein møteplass som fungerer som kodeknekkar for å få innpass eller opne eksklusive nettverk på bygda.



Ljosvang i Indre Hafslo, Luster i Sogn. Foto: Indre Hafslo bygde- og ungdomsting

© Christoffer Knagenhjelm
Rådgjevar for kulturbygg og ungdomsleig
Sogn og Fjordane
Publisert: 12.04.19, 00:00
Oppdatert: 12.04.19, 00:00

I eit innlegg i Nationen 26. februar 2019 skriv i Bråten, at samfunnslivet i Noreg er kjemtelekt nettverk som kan vere vanskelege å trenge igj kjenne seg att i påstanden til Bråten om at «By og system. Etablerte nettverk er eksklusive og

DELKALENDER
DE

Få
Prosj
Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane.



STORTE: Ei prøvje til vedlikehald av barneskulehuset.

«Huset i bygda» jobbar med å ta vare på dei mange forsamling som finst rundt på byggena, likeleis minst i Sogn og Fjordane. Ei for prosjektet, Christoffer Knagenhjelm, er glad for at dei no i mykje stadar og lever ut det same gamle bygdelege gode.

– Det er eit svært viktig arbeid, og ein god måte for å knytte som skjar ut dei ulike bygdelege i Sogn og Fjordane. Den jobbe «Huset i bygda» gjer er viktig for å sege fokus på alle kultu seier Knagenhjelm.

Samarbeid
I Sogn og Fjordane er det over 400 lagsegge kulturhus. 200 samarbeid mellom sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og i Bygda, der stiftinga setje av 600 000 kroner til lagsegge kult Ordinga har vore svært viktig for å sikre slike menneske o stadar på dei lagsegge kulturhusa i fylket.

– Dette er vel eit nesten evigvarig arbeid. Vi ser at det stort behov for både vedlikehald og økonomisk støtte. Men desse husa har fått ein renessanse, noko som er svært ni seier Knagenhjelm.

Møteplassar
Kulturhusa er viktige møteplassar og er mykje brukt av alle generasjonar til sosiale samlinger og variert aktivitet. Mange av husa trøst eller utøving og oppfølging. Dette er samarbeidsprosjekt, og ein stor dugnadsinnsats frå eigarar og lokalsamfunn er avgjerande. I 2018 auka tallet på samarbeid til lagsegge kulturhusa med heile 26 %.

– Ein stor del av arbeidet kan tilknytt «Huset i Bygda»-sit arbeid med å rettleie kulturhusa. Det har vore ein viktig partnar i søknadsvurdering med sin store kunnskap om kulturhusa i fylket, seier kultursjef Pål Fjølset i Sparebankstiftinga.

– Eg er glad for denne tiltaksrettinga. Det gode samarbeidet med sparebankstiftinga betyr mykje for «Huset i Bygda», seier Knagenhjelm.

Foto: S. Hovland/NTNU | Oppdatert: 12.04.19, 00:00

Hus for fra



Hindadregren grenndagshus i Gaular. Foto: Privat



UNDUMSHUS: Snugg på Kaulanger er Huset i Bygda for Christoffer Knagenhjelm.

For alle som er glade i huset i bygda

LEIANDER
– Forsamlingshusa på bygdena er svært viktige som sosiale møtestadar, som arena for støring av kultur og, som kulturmiljø.

Det seier Christoffer Knagenhjelm, rådgjevar for kulturbygg og ungdomsleig i Sogn og Fjordane. 3. november arrangerer Huset i Bygda (HIB) og Sogn og Fjordane Ungdomshus (UFU) lagsegge kulturbyggferiar på Klakås Ungdomshus i Jølster. Målingar for knede rasen er alle som er involvert i frivillig arbeid og konferansen er stova økonomisk, og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Dugnad
Det organisasjonsglede kulturbygg – ungdomshusa, grenndagshusa, samfunnshus og bygdehusa – er leivdele kulturmiljø, i stor grad finansiert med dugnad og frivillig innsats. «Huset i bygda» betyr mykje for samhold, identitet og aktivitet i små og større bygder og byar.

– Huset i Bygda får ofte spørsmål frå leiarar og andre som er involvert i lokale kulturbygg

og kvafor det er mogleg å skape jærmet og aktivitetar kring til sine hus. Tema for leivdele kulturbyggferiar er eller samfunnsmedvirkning og leivdele lagsegge forsamling og kulturbygg kan bli betre på å aktivisera og engasjere born og ungdom. Tildelingar og samarbeid vil og vera eit viktig tema, fortel Knagenhjelm.

Færedag
Oldemord Klakås, vefværing i Jølster, vil opna konferansen. I tillegg kjem dei tre foredragshaldarar, som Tobi Arvik frå Rastrand Ungdomslag, kultursjef Pål Fjølset frå Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane og Irene Hagen Gutmann frå Nodelv ungdomslag i Arstad.

– Ved å trekkja færedagshaldarar og å fokusera på gode døme frå lokale lag og privatsamarbeid som har lykka seg i sitt arbeid med å engasjera, vonar me å skapa debatt og diskusjon om desse viktige temaet på kulturbyggferiastaden.

HIB
SOFUL, Sogn og Fjordane Ung

El Grothe
el.grothe@postboks.no

domslag, etablerte vednige Huset i Bygda (HIB) i 2010. Formålet med HIB er å bygja, støtta og inspirera alle former for organisasjonsglede kulturbygg i Sogn og Fjordane. Slik som SOFULE og HIB å medverka til å skapa meir engasje, styrke og renessanse kulturbygg med utdøyd og inkluderande aktivitetar og tilrettelegging.

Send bilete av nyfødte til Sogn Avis
Send e-post til redaksjon@sognavis.no



Tilsett. Ta med sjokolade, leiketøy, vitale mål, søsken og fullt namn på bilete. Bilete. Ta gjerne med søsken og foreldre på foretred. Me takk også inn frivillig innsats. Desse bileta blir i tillegg lagde ut på sognavis.no

Sogn Avis

04 med andre. Skriv makro og ein ein som fyller fr Send til sogningar@sognavis.no eller Sogn Avis, Postboks 3, 6881 Løkkanger

FOR NOKON ER de ner frå barndomm arrangement og ak doms- eller grenda er framleis knytt ti gjennom dans, teat former for organis Andre kan vere kn gjennom styrearbe nadsarbeid. Felles den gode opplevi identitet, leik og al ikkje minst læring bygda står for.

DELKALENDER
DE

KVA STA KULTURARI

et av 2019 vil vi al arell aktivitet i regi

re av oss vil vere p re vil stå som arrang

es for desse aktivitet st, auka samhold, i der i nye Sognald ko

har invitert alle mune til å fortel gjeld det frivillig k

re er din mogleg rikarane i eit tema v

attelleiar Eldgrin

TID ONS 12. KLOKKA

GAULAR NYHETER KULTUR

Hus for fra



Hindadregren grenndagshus i Gaular. Foto: Privat

te vil vere del- iftene i 2018 på over 10 mil- partia var tydeligere på k

u på ytin

u etter ein plass å onfirmasjonstfesten? finn du den her.



18. september 2017, kl. 17:00

ANNONSE



ANNONSE

pr på

en vert eg for alle skanning

del:Prattel: og avtarvokst

daner, i samarbeid med Sogn og Fjordane

mentert på Huset i Bygda er Viking i Indre Hafslo, 13. september.

ngahus

20 EVEN VEIT 2018

te vil vere del- iftene i 2018 på over 10 mil- partia var tydeligere på k